

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/17	Levekårsutvalet	PS	14.12.2017
111/17	Kommunestyret	PS	14.12.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Atle Vaage	17/2026

Prioritering av søknadar om spelemidlar, søknadsomgang 2018

Vedlegg :

Uttale frå Lindås Idrettsråd til sak om spelemidlar (301773)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar for 2018 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes)

Lindås Idrettspark, kunstgrasbane med lysanlegg (2016)

Lindås Idrettspark, delanlegg friidrett (2016)

Knarvik Idrettspark, rehabilitering av friidrettsanlegg (2016)

Storstova Leiknes (2016)

Rehabilitering Nordhordlandshallen, fotballhall/delanlegg friidrett (2018)

Fleirbrukshall Knarvik (2018)

Klatrehall Knarvik (2018)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes)

Lindås Idrettspark - rulleskøyteområde (2016)

Knarvik barneskule - klatrestativ (2018)

Knarvik barneskule - hinderløype (2018)

Knarvik barneskule - minibane kunstgras (2018)

Knarvik barneskule - utandørs turnapparat (2018)

Knarvik barneskule - street basket (2018)

Knarvik barneskule - skatebane (2018)

Knarvik barneskule - lysanleg streetbasket og skatebane, nordside (2018)

Knarvik barneskule - lysanlegg nærmiljøanlegg vestside (2018)

Levekårsutvalet - 062/17

LE - behandling:

Atle Vaage-fagleiar drift Eigedom- orienterte om saka

Status - pågåande spelemiddelsøknader, vart utdelt i møte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet – 14.12.2017:

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadene om spelemidlar for 2018 slik dei ligg føre i saka.

Kommunestyret - 111/17

KO - behandling:

Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar for 2018 slik;

Ordinære anlegg (første søknadsår i parantes)

Lindås Idrettspark, kunstgrasbane med lysanlegg (2016)

Lindås Idrettspark, delanlegg friidrett (2016)

Knarvik Idrettspark, rehabilitering av friidrettsanlegg (2016)

Storstova Leiknes (2016)

Rehabilitering Nordhordlandshallen, fotballhall/delanlegg friidrett (2018)

Fleirbrukshall Knarvik (2018)

Klatrehall Knarvik (2018)

Nærmiljøanlegg (første søknadsår i parantes)

Lindås Idrettspark - rulleskøyteområde (2016)

Knarvik barneskule - klatrestativ (2018)

Knarvik barneskule - hinderløype (2018)

Knarvik barneskule - minibane kunstgras (2018)

Knarvik barneskule - utandørs turnapparat (2018)

Knarvik barneskule - street basket (2018)

Knarvik barneskule - skatebane (2018)

Knarvik barneskule - lysanleg streetbasket og skatebane, nordside (2018)

Knarvik barneskule - lysanlegg nærmiljøanlegg vestsida (2018)

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Idrettsrådet

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Spelemidler for anlegg til idrett og fysisk aktivitet, er heimla i lov om pengespel. Midlane kjem frå overskot frå Norsk Tipping AS. For å kunna søkja spelemidler, må det aktuelle anlegget vera med i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Kommunen skal vedta ønska prioritering mellom dei aktuelle søknadane. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling, ut frå ramme gitt av Kulturdepartementet.

For Lindås fekk Eikanger IL fjor 482 000 til rehabilitering av skianlegget på Gamlesætra, og 300 000 til nærmiljøanlegg for skileik same stad. Kommunen sjølv fekk til saman 600 000 for to av dei tre nærmiljøanlegga i Lindås Idrettspark. Lindås kommune fekk i tillegg innvilga 500 000 frå potten for lokale kulturbygg, for Storstova på Leiknes.

Lindås kommune er inne i ein periode med stor utbygging av idrettsanlegg. Dersom den totale potten ikkje vert auka, kan Lindås ikkje rekna med meir enn om lag 2 millionar i tilskot årleg. Etterslepet i spelemiddelordninga frå staten si side, vil såleis påføra Lindås ein ikkje ubetydeleg rentekostnad i åra framover.

Lindås Idrettsråd har hatt saka til uttale. Rådet stiller seg i utgangspunktet positiv til framlegget, men registrerer at mykje av aktiviteten føregår i Knarvik. Rådet ønskjer at kommunen ikkje tek av nærmiljøfondet til alle tiltaka ved nye Knarvik barneskule, då dette fondet er meint å brukast til å støtta initiativ i heile kommunen. Rådet gir vidare uttrykk for misnøye fordi ein har fått for kort tid til å handsama saka. (uttale vedlagt)

Vurdering

Lindås har dei siste åra prioritert at idrettslaga som har søkt midlar får desse før kommunen sjølv får for sine anlegg. Per no ligg det ingen nye søknadar frå idretten. Det står att del-utbetaling for Eikanger IL sitt skianlegg på Gamlesætra som vil bli gjort når arbeidet er ferdig.

Dei kommunale anlegga er prioritert etter dato for ferdigstilling. Det er framleis eit etterslep i spelemiddelordninga på om lag 3 år. Det betyr at det i praksis er vanskeleg å få utbetaling frå ordninga for anlegg som er yngre enn dette. Kommunen bør difor setja dei eldste søknadane øvst, for å sikra utbetaling frå ordninga i 2018.

For dei planlagde fleirbrukshallane i Alversund og på Ostereidet, er tomtespørsmålet enno ikkje avklara. Regelverket krev at ein anten eig tomta, eller har juridisk bindande avtale om bruk, for å kunna søkja. Det kan difor ikkje søkjast spelemidler for desse prosjekta før tidlegast søknadsrunden 2019.

.....